

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

Utval: Kontrollutval - Gloppen kommune
Møtedato: 05.02.2014
Møtetid: 09.00
Stad: Formannskapssalen
Møtenr.: 1/2014
Innkalling: Faste medlemmer til kontrollutvalet, Rådmannen i (sak 05/14)

Melding til: Ordførar(møte- og talerrett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerrett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

01/14 Godkjenning innkalling og sakliste
02/14 Skriv og meldingar.
03/14 Møteplan for 2014 for kontrollutvalet i Gloppen.
04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen.
05/14 Orientering om arbeidet med økonomireglementet i Gloppen kommune.
06/14 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.
07/14 Oppfølgingsliste 1-2014 Gloppen.
08/14 Eventuelt.

Gloppen 30.01.2014

Bjarne Bø (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/14 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.02.2014	01/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

02/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.02.2014	02/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 01-14: Brev frå skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune til SEKOM-sekretariat – «Skatterekneskapen for 2013», datert 20. jan. 2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Sakutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

L 57/14



SKATTEOPPKREVJAREN I GLOPPEN KOMMUNE

20. jan. 2014

Arkivkode :
Dykkar referanse :

SEKOM-SEKRETERIAT
Postboks 338


6802 FØRDE

SKATTEREKNESKAPEN FOR 2013

Sender vedlagt skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune sitt årsrekneskap og årsrapport for 2013

Med helsing

Oddfrid Rønnekleiv
skatteoppkrevjar



Årsrapport for 2013

Skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune



1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	1,7	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,65	%
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,40	%
Arbeidsgjevarkontroll	0,40	%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,05	%
Skatteutval	0,00	%
Administrasjon	0,20	%
(Andel fordelt skal være 100%)	Sum	100 %

Vi er eit lite kontor der arbeidsoppgåvene heile tida går om kvarandre. Å kunne sei nøyaktig kor mykje tid vi brukar på dei enkelte arbeidsfelt er vanskeleg. Det er godt mogleg at vi brukar meir tid på eit arbeidsfelt og mindre på eit anna enn det vi har sett opp her.

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren har 1,7 årsverk. Dette er fordelt med 70% på skatteoppkrevjar Oddfrid Rønnekleiv og 100% på konsulent Elin Johansen. Oddfrid Rønnekleiv har vore skatteoppkrevjar sidan 01.02.2013. Oddfrid Rønnekleiv overtok etter John Morten Selsvik som hadde vore det sidan 01.10.2008.

Oddfrid Rønnekleiv har det overordna ansvaret og har som dagleg arbeidsområde skatterekneskapen og personlege/upersonlege skattyttarar m/innfordring. Elin Johansen har arbeidsområde arbeidsgjevarar m/innfordring og arbeidsgjevarkontroll.

Begge overlappar kvarandre ved ferieavvikling og anna fråvær. Begge har fullmakter i SOFIE og i bank for attestering og godkjenning av utbetalningar. I tillegg har Grete Liv Tisthamar tilgang til SOFIE for å bistå ved ferieavvikling og anna fråvær.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Dei siste åra har antall årsverk til skatteoppkrevjaren gått ned frå 2 årsverk til 1,7 årsverk. Ut frå dei arbeidsoppgåvene skatteoppkrevjaren er pålagt er dette i minste laget. Skatteoppkrevjaren vil likevel sei at arbeidet i 2013 er gjennomført tilfredsstillande.

Det har frå 2012 til 2013 vore ein nedgang i innbetalt skattar og avgifter på kr. 31.509.410,-. Dette er ein nedgang på 5,2%. (Frå 2011 til 2012 var det ein auke på kr. 34.138.794,- eller 5,9%)

Som talla ovanfor viser er det selskapsskatten som har hatt ein tilbakegang med heile kr. 66.268.904,-.

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Fordelingsprosenten for personlege skattytarar er for kommunen 29,8 % i 2013 mens for 2012 er den 29,79%. Når det gjeld upersonlege skattytarar får kommunen for 2012 (fordelt i 2013) 2,1%, mens den er 1,1% for 2011 (fordelt i 2012).

I 2013 vart det fordelt skatt til Gloppen kommune med kr. 121.562.377,-, mens det i 2012 var kr. 114.026.859,-. Dette er ein auke på kr. 7.535.518,- eller 6,6 %. (Frå 2011 til 2012 var det ein auke på kr. 6.287.806,- eller 5,8%)

Skatteoppkrevjaren forskotsfordela innbetalt skatt i forfallsmånadane slik at kommunen kan disponere pengane før endeleg fordeling ved periodisk oppgjær.

1.4 Skatteutval

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har i 2013 handsama 1 søknad og sendt den vidare for vedtak i skatteutvalet. (0 saker i 2012) Vedtak vart gjort i okt.-13 og det vart gjeve avslag på søknad om ettergjeving.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføring, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollering.

Årsrekneskapen for 2013 følgjer som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	7 636 778	1 665 512	8 578 091	1 665 512	- 941 313	0
Arbeidsgjevaravgift	83 208	0	369 706	0	-286 498	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	805 041	134 732	702 564	134 732	102 477	0
Forskotsskatt	14 161	0	0	0	14 161	0
Forskotsskatt person	2 392 907	767 000	2 738 028	767 000	-345 121	0
Forskotstrekk	89 465	0	224 820	0	-135 355	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	58 019	1 495	57 144	1 495	875	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	56 607	0	28 812	0	27 795	0
Restskatt person	4 137 370	762 285	4 457 017	762 285	-319 647	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	7 636 778	1 665 512	8 578 091	1 665 512	-941 313	0

3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Den totale restansen har gått ned frå kr. 8.578.091,- pr. 31.12.2012 til kr. 7.636.778,- pr. 31.12.2013. Dette er ein nedgang på kr. 941.313,-. (Pr. 31.12.2010 var total restanse kr. 11.109.538,-) Den positive utviklinga som har vore dei siste åra har halde fram i 2013. Sjølv om det kvart år kjem til nye restansar som er vanskelege å krevje inn, så har den totale restansen gått ned. Nedgangen har vore på fleire felt, men den er størst på forskotsskatt /restskatt person. Det er også her dei største restansane er.

Når det gjeld berostilte krav så er det ingen endring frå 31.12.2012 til 31.12.2013. Berostilte krav utgjer kr. 1.665.512,- og er ein del av den totale restansen.

Det er i 2013 avskrive totalt kr. 68.138,-. Dette er fordelt på 14 krav og 3 skattytarar. Alle krava er i avslutta konkursbu AS, der det ikkje vart dekning for krava.

Det er ikkje ettergjeve skatte- og avgiftskrav i 2013.

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2013

RESULTAT OG KRAV PR. 31.12.2013

SKATTE-/AVGIFTSART	ÅR	RESULTAT	KRAV	Differanse
		31.12.2013	31.12.2013	
Restskatt, person - <i>Totalt innbetalt</i>	2011	98,7 %	96,5 %	2,2 %
Restskatt - <i>Totalt innbetalt</i>	2011	99,9 %	99,5 %	0,4 %
Forskotstrekk - <i>Totalt innbetalt</i>	2012	100,0 %	99,9 %	0,1 %
Forskotsskatt, person - <i>Totalt innbetalt</i>	2012	99,9 %	99,5 %	0,4 %
Forskotsskatt - <i>Totalt innbetalt</i>	2012	100,0 %	99,9 %	0,1 %
Arbeidsgiveravgift - <i>Totalt innbetalt</i>	2012	100,0 %	99,9 %	0,1 %
Restskatt, person - <i>Innfordret</i>	2011	84,8 %	65,0 %	19,8 %

Som tabellen ovenfor viser har skatteoppkrevjaren nådd alle krav som var sett til innfordringa pr. 31.12.2013.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Frå våren 2013 har alle faste purringar blitt automatisk utsendt frå skattedirektoratet. Skatteoppkrevjaren har derfor ikkje brukt tid på dette, men har meir kunna konsentrere seg om dei som då ikkje betalar etter vanleg purring. Dette viser og tabellen ovenfor at innfordra restskatt person er høg og ligg langt over kravet.

Utleggstrekk vert sendt både maskinelt og manuelt når vi finn arbeidsgjevar som kan trekkje i løn. Motrekningar vert gjort både i tilskot frå staten, mva og utbetalningar frå Gloppen kommune.

I 2013 vart det gjeve 7 betalingsordningar innan for skatteoppkrevjaren sine fullmakter. Alle søknader om betalingsavtale må leverast skriftlig og med dokumentasjon. Det vert gjeve skriftlig tilbakemelding på alle søknader.

Skatteoppkrevjaren opptrer sjølv som namsmann. Det er i 2013 halde 8 utleggsforretningar. Det er sendt varsel om utleggsforretning til langt fleire, men desse har betalt før utlegg vert gjennomført.

Det er i 2013 ikkje sendt bistandsanmodningar til SKO Utland eller sendt krav om hjelp til annan SKO.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2013: 17

Som utgjør: 5 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2013: 16

Som utgjør: 4,8 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2012: 17

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det er i 2013 haldne 4 avdekkingskontrollar, 8 formalkontrollar og 4 oppfølgingskontrollar. Totalt 16 kontrollar. Den 17. kontrollen vart ikkje ferdig i 2013 då vi ventar på dokumentasjon frå arbeidsgjevar.

I 3 av kontrollane er det avdekka beløp, tilsaman kr. 186.427,00. Av dette er kr. 6.427,00 eigenretting og kr. 180.000,00 er sendt Skatt vest for fastsetjing.

I 4 av kontrollane er det avdekka feil i form av manglande/feilaktig bruk av skattetrekksskonto og i 4 av kontrollane er det manglande innmelding i AA registeret.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren i Gloppen hadde planlagt 17 kontrollar i 2013. Dette var lik krav til antall kontrollar. Vi har gjennomført 16 kontrollar, som er ein mindre en kravet. Den 17. kontrollen vart noko meir tidkrevjande enn det som var planlagt og vart derfor ikkje ferdig i 2013.

Det er kontrollert 2,8% av LTO.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har ikkje delteke i fellesaksjonar. Samarbeid med skattekontoret ved valg av kontrollobjekt går ut på at vi får melding frå Skatt vest dersom skattekontoret har hatt kontroll av same objekt og kva tid kontrollen vart utført.

Vi har i 2013 sendt inn 2 kontroller med anmodning om fastsetting av arbeidsgjevaravgift, vi har motteke fastsetting på ein av kontrollane, den andre vart innsendt seint på året, på den har vi ikkje motteke tilbakemelding.

4.6 Gjennomførde informasjonstiltak

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr : '1445', År : '2013', Hovedbokstype : 'k'

	Valgt år	Forrige år
Likvider	44 629 181	36 834 403
Skyldig skattekreditorene	-8 205 307	-2 542 281
Skyldig andre	28 752	16 437
Innestående margin	-36 452 623	-34 308 557
Udisponert resultat	-2	-2
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-83 829 606	-75 019 393
Personlige skatteyttere	-402 702 395	-376 831 544
Selskapsskatt	-90 741 336	-157 010 240
Renter	-57 036	29 488
Innfordring	-3 754	-11 848
Sum	-577 334 127	-608 843 537
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	83 829 606	75 019 394
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	108 089 502	100 168 599
Fordelt til Fylkeskommunen	25 777 011	24 448 890
Fordelt til kommunen	121 562 387	114 026 853
Fordelt til Staten	238 077 688	295 179 802
Krav som er ufordelt	0	-1
Videresending plassering mellom kommuner	-2 067	0
Sum	577 334 127	608 843 537
Sum totalt	0	0


SKATTEOPPKREVJAREN
I GLOPPEN KOMMUNE
 6823 SANDANE
 20/01-14 *Oddfrid Rønnelid*

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrasket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I GLOPPEN

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat

Dato: 02.01.2014

Utval	Dato	Saksnr	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet i Gloppen	05.02.2014	03/14	Ja

Saksvedlegg:

Forslag til møteplan.

Møtekalender for 2014 – Gloppen kommune

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2014 vert godkjent.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2014.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del, og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut om lag ei veke før møtedato.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL GLOPPEN KOMMUNE 2014

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		5		22		5		21			28	
FORMANNSKAPET	23		13	10	15	5		28	18	23	20 - 27.	15
KOMMUNESTYRET			24			16			29		3	15



Gloppen kommune

Utkast til møtekalender for 2014

	Jan.	Febr.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sep.	Okt.	Nov.	Des.
Kommunestyret			24.			16.			29.		3. ¹	15.
Formannskapet	23.		13.	10.	15.	5.		28.	18.	23.	20. og 27. ²	15.
Helse- og omsorgsutvalet	21.		11.		13.	3.				21.	11. og 18.	9.
Kultur- og miljøutvalet	21.		11.		13.	3.				21.	11. og 18.	9.
Oppvekstutvalet	21.		11.		13.	3.				21.	11. og 18.	9.
Teknisk og landbruksutvalet	21.		11.	8.	13.	3.			16.	21.	11. og 18.	9.
Administrasjonsutvalet	21.		11.			3.				21.	18.	9.
Eldrerådet	20.		10.		12.	2.				20.	10.	8.
Rådet for funksjonshemma			10.			2.				20.	10.	
Kontrollutvalet												
Nordfjordrådet*		10.	31.			16.		25.		20.		1.

¹ Presentasjon av rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2015
og økonomiplan for 2015-2018

² Vedtak om utlegging av formannskapet sitt framlegg til
årsbudsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018.

* Møteplanen for 2014 skal fastsettestast den 2. desember 2013.

004/14 ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I GLOPPEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 29.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	05.02.2014	04/14	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2014 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet i Gloppen kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gloppen kommunestyre

ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gloppen kommune har i år 2013 vore samansett slik:

Valperioden 2011 – 2015:

Medlemer:

Bjarne Bø (Leiar)

Hans Os (Nestleiar)

Irene Moen

Tone Lise Jakobsen

Svein Helge Hovstad

Varamedlemer:

1. Vigdis Henden
2. Karoline Bjerkeset.
3. Jenny Hysing.

I 2013 har SEKOM-sekretariat vore sekretariat for kontrollutvalet..

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2012 har kontrollutvalet i Gloppen hatt fire møte der det er handsama i alt 27 saker.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon, har kontrollutvalet avbestilt forvaltningsrevisjonsprosjektet «Prosjektplanlegging i Gloppen kommune», og tinga forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune i staden. Prosjektplan vart lagt fram og det er venta levering av rapport for prosjektet den 30. oktober 2014.

Kontrollutvalet har bede administrasjonsutvalet og og rådmanen om uttale, samt alt sakstilfang vedrørande administrasjonsutvalssak 008/13 "Nytt omstillingsreglement".

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har også gjeve innstilling til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016. Planen er vedteken av kommunestyret.

Kontrollutvalet kalla inn Kommunerevisjonen i Nordfjord for å orientere om:

- Finansiell revisjon.

Kontrollutvalet har i 2013 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2014. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Oppdragsansvarleg revisor skal årleg gjere ei eigenvurdering av ubundenskap. Kontrollutvalet tok eigenvurderinga til vitande.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste» «Skriv og meldingar», «Oppfølgingsliste» og «Eventuelt»

Utover dette har kontrollutvalet handsama sakene «Årsrekneskapen 2012», «Møteplan 2013 for kontrollutvalet» og «Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet».

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si ubundenskap og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Sandane den 05. februar 2014

Bjarne Bø

Hans Os

Irene Moen

Tone Lise Jacobsen

Svein Helge Hovstad

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

05/14 ORIENTERING OM ARBEIDET MED ØKONOMIREGLEMENT I GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.02.2014	05/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gloppen kommune om «Skriftleg orientering om arbeidet med økonomireglement i Gloppe kommune», datert 14.12.2013.
- Brev frå Gloppen kommune «Skriftleg orientering om arbeidet med økonomireglementet», den 20.01.2014.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 26/13

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek orienteringa om arbeidet med økonomireglement til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING OM ARBEIDET MED ØKONOMIREGLEMENT I GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering ved rådmannen om leiarutviklingsprogram..

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 26/13 «Oppfølgingsliste 4-2013» i kontrollutvalsmøte 28.11.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet skriv brev til rådmannen og ber om skriftleg orientering om arbeidet med økonomireglementet i Gloppen kommune. Rådmannen vert kalla inn til neste møte.*

04.12.2014 er det sendt brev til Gloppen kommune der vi ber om at rådmannen sin skriftlege orientering vert sendt til kontrollutvalet sitt sekretariat innan 10.01.2014.

Den 20.01.2014 mottok sekretariatet ei skriftleg orientering om arbeidet med økonomireglementet.

I orienteringa står det at det er laga ei prosess skildring for økonomireglement i Gloppen kommune. Prosessen vil ende opp med eit økonomireglement, der ein del spesialområder vil verte vedlegg til økonomireglementet.

Prosessen er vedlagt.

Fristen for dette arbeidet er 1. september 2014, slik at den nye rådmannen får høve til å påverke det endelige resultatet.

Rådmannen er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gloppen kommune
v/Rådmannen
Gandavegen 9

6823 SANDANE

Førde, 04.12.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: arva

Jnr.: 567/13

Arkiv: Gloppen

SKRIFTLEG ORIENTERING OM ARBEIDET MED ØKONOMIREGLEMENT I GLOPPEN KOMMUNE


I kontrollutvalsmøte i Gloppen 28.11.2013 i sak 26/13 Oppfølgingsliste 4-2013, vart det gjort følgjande vedtak:

Kontrollutvalet skriv brev til rådmannen og ber om skrifleg orientering om arbeidet med økonomireglementet i Gloppen kommune. Rådmannen vert kalla inn til neste møte.

Vi ber om at rådmannen sin skriflege orientering vert sendt til kontrollutvalet sitt sekretariat innan 10.01.2014.

Neste kontrollutvalsmøte i Gloppen vert i starten av februar, og innkalling vert sendt ut om lag ei veke før møtedato.

For kontrollutvalet


Audhild Ragni Vie Alme
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612786 VØ 95139762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



I 53/14

GLOPPEN KOMMUNE

ØKONOMIAVDELINGA

SEKOM-sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Att: Audhild Ragni Vie Alme

Dykkar ref
arva Jnr: 567/13

Vår ref (oppkje ved svar)
14/763

Dato
20.01.2014

Skriftleg orientering om arbeidet med økonomireglementet

Økonomiforvaltninga i kommunane er stort sett regulert gjennom lover og forskrifter. I mange tilfelle er reglar innan økonomiområda rammeprega. Det er derfor behov for eit eige reglement der kommunen beskriv sin eigen tilpassing i forhold til dette.

Tradisjonelt sett har økonomireglement i kommunane vore eit dokument, der det enkelte tema innan økonomiområdet er delt inn i kapittel. Dei seinare åra har det vorte meir vanleg å ha desse «kapitla» som eigne reglement. Desse reglementa i saman, vert då kalla økonomireglement, og vi har ikkje lenger kun eit dokument for dette.

Gloppen kommune har dei siste åra praktisert sistnemnde ordning, der vi har teke for oss det enkelte reglementet og rullert det når det har vore behov for det. Vi ser no at det kan være hensiktsmessig å ha eit overbyggande økonomireglement.

Vi har derfor laga ei prosess skildring for økonomireglement i Gloppen kommune. Denne prosessen er vedlagt. Prosessen vil ende opp med eit økonomireglement, der ein del spesialområder vil verte vedlegg til økonomireglementet. Døme på dette er reglement for finansforvaltning.

Fristen vi har satt for dette arbeidet er 1. september 2014, slik at den nye rådmannen får høve å påverke det endelege resultatet.

Med helsing

John Morten Selsvik
økonomisjef
tlf. 979 68 095

Økonomireglement for Gloppen kommune

- Grunnlag for utarbeiding

Grunnlagsdokument

- Kommunelova
- Kommunerekneskap, Kommunale rekneskaps prinsipp (gkrs.no)
- Veileder: Budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsrekneskapen (regjeringen.no)
- «En veiledning om internkontroll og informasjonssikkerhet» (datatilsynet)
- Nasjonale forventningar til regional kommunal planlegging (regjeringen.no)
- Veileder – Kommuneplanprosessen, samfunnsdelen – handlingsdelen (regjeringen.no)
- Nye Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstjenester (regjeringen.no)
- Etikk, samfunnsansvar og antikorrupsjons arbeid i kommunen (ks.no)
- 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane (regjeringen.no)
- Økonomireglement maler. (nkkf.no)
- Økonomireglement fra diverse kommuner

Kven skal være med i arbeidet med utarbeidelse av økonomireglementet

- Einingsleiarar
- Tillitsvalgte
- Skal deretter til revisjonen for uttalelse
- Til slutt skal dei politiske nivåa ta stilling til dokumentet

Kva er eit økonomireglement

- Supplement til kommunelova sine økonomibestemmelser og kommunale budsjett- og regnskapsforskrifter.
- Sektorovergripande reglement. Det betyr at reglementet gjelder hele organisasjonen.
- Reglementet skal klargjere ansvarsfordelinga mellom kommunestyret, andre politiske organer og administrasjonssjefen.
- Administrative rutiner innanfor økonomiområdet knyttas opp mot dette reglementet.

Kvifor lage et økonomireglement

- Forenkle beslutningar
- Klargjere myndighet
- Samle vedtak på ein plass
- Nyttig for administrasjonen

Nokon generelle vendinger

- Økonomireglementet for Gloppen kommune skal sikre ein etisk og effektiv forvaltning av kommunen sine midlar og verdiar i tråd med kommunestyret sine planar og målsettingar.
- Reglementet skal ivareta kommunen sine forpliktelsar som ein seriøs og miljøansvarlig organisasjon.
- Økonomiarbeidet til kommunen skal være prega av høg kompetanse der det skriftlige vert vektlagt for å sikre kunnskap over tid.

Avgrensning mot andre reglement

- Delegasjonsreglement
 - Vær nøye med at det ikkje blir dobbelt
- Personalreglement
 - Vær nøye med at det ikkje blir dobbelt
- Reglementer som inngår i økonomireglementet i Gloppen kommune:
 - Innkjøpsreglement
 - Finansreglement

Risikovurdering

- Risikovurdering bør danne grunnlag for å vurdere kva som skal være med i økonomireglementet og kva detaljeringsnivå som vert valgt. (sannsynlighet/konsekvens)
- Sikrar at ein har fokus på dei viktigste tinga
- Reglementet blir så kort og enkelt som mulig - Maks 20 sider.

Skaffe oversikt over tid

- Kommunen har mange ulike vedtak som omhandler økonomibestemmelser
- Disse vedtaka er foretatt over mange år

Kommunestyret vedtar reglementet

- Dette gir ein klar peikepinne om hva som skal være med i reglementet
- Skal være med
 - Styringssignaler fra kommunestyret
 - Avgrensning av myndighet utover det som står i delegasjonsreglementet
 - Krav om utarbeidelser av rutiner
 - Kort tekst slik at reglementet blir lesbart

Kommunestyret vedtar reglementet forts

- Skal ikkje være med
 - Administrative rutiner
 - Lovbestemmelser – skal ikke være en lærebok i økonomi
 - Lettare å halde ajour
 - Kommunestyret kjenner kun Rådmannen
 - Ingen andre i organisasjonen blir nevnt om ikkje lov/forskrift seier noko anna

Innhald i økonomireglementet

- Generelt om økonomireglementet
- Bakgrunn, kven reglementet gjeld for , heimel og gyldighet
- Kommuneplanen sin kortsiktige del
- Innleiing, økonomiplan, budsjett, ansvar for økonomiplan og budsjett, tidsplan
- Rekneskap
- Innleiing, kontostreng, attestasjon og tilvising, kontantar, utgifter (inndelt etter kostra), inntekter (inndelt etter kostra), Innføring av kommunale krav, sjølvkostområdet, prosjekt, fond, rekneskapsføring
- Investeringsrekneskapen
- Balansen

Innhald i økonomireglementet

forts.

- Økonomirapportar og budsjettreguleringar
- Årsavslutning
- Internkontroll
- Finansreglement
- Kommunale garantier
- Utlån og tilskudd

Ikkje ferdig med reglementet

- Legg reglementet fram til politisk behandling uten dei kapitla som ikkje er ferdig. Disse kan oppdateres /leggjast til ved hjelp av tilleggsvedtak.
- På den måten er jo noko komt på plass.

Til slutt

Vi i Gloppen kommune har snakka om:

- Reglementer vedtas av kommunestyret
- Rutiner vedtas av administrasjonssjefen

06/14 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.02.2014	06/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap, datert 06.01.14

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 06.01.14 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det vert vist til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15.

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune, har i brev datert 06.01.14 gjeve ei skriftleg egenvurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Gloppen kommune.

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

ERKLÆRING

Dato:
6.01.2014Vår ref.:
RPD 2014/ÅM14.1.2

GLOPPEN

Til
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktetKopi til:
Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

- Den som utfører revisjon for ein kommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, som gjer at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne:
 - a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særreigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13:

- Revisor kan ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.

Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
E-postadresse: revisor@stryn.kommune.no				

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jf revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgiving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gi tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine egne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering:

Pkt 1: Tilsettingstilhøve.	<i>Eg har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ.	<i>Eg er valt styremedlem i Stryn Røde Kors, men er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit.	<i>Eg deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående.	<i>Eg er gift med Jorunn Guddel som er tilsett som assistent på kjøkkenet ved Stryn omsorgssenter. Søster til Jorunn, Borghild Guddal, er tilsett som avd.ingeniør ved teknisk kontor i Stryn kommune. Bror til Jorunn, Rasmus Guddal, er varamedlem til kontrollutvalet i Stryn kommune. Eg har elles ikkje nærstående som har tilknytning til kommunane slik at dette har betydning for sjølvstende og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgiving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet.	<i>Før slike tenester vert utført gjer eg ei vurdering av rådgivinga eller tenesta sin art i høve til mitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, kan eg ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskild. Revisor gir jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar. Eg gir ikkje rådgiving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i>
Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.	<i>Eg har ikkje gitt tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig.	<i>Eg opptre ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.</i>
Pkt 8: Andre særskilde tilhøve.	<i>Eg kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.</i>


Markvard Sunde
Revisjonssjef

07/14 OPPFØLGINGSLISTE 1-2014

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	05.02.2014	07/14	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 1-2014 Gloppen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 1-2014 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 30. januar 2014.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2014 - Gloppen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10		02.12.10: Vedtak KU 13.02.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september. 18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.10		02.12.10 Tilråding til kst. 03.12.10 saka s. Gloppen kommune. 13.12.10 Vedtak kst sak 057/10: - <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i> - <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i> 11.06.12: I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektivt. 24.08.12 Brev Sjå sak 032/12
025/12 Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Gloppen kommune. Sjå sak 32/12	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune. 24.08.12 Brev sendt til rådmann vedrørende orientering.
032/12 Orientering investeringsprosjekt	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. • Administrasjonen jobbar med økonomireglementet. Rådmannen vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøtet i desember.
013/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – forslag til endring av prosjekt.	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet vedtek å endre rekkefølje på forvaltningsrevisjonsprosjekt i forhold til «Plan for forvaltningsrevisjon – Gloppen kommune.» - Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Prosjektplanlegging i Gloppen kommune» blir utsett, og prosjekt «Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse» blir prioritert først. - Sekretariatet får i oppgåve å utforme tilnging til neste møte i kontrollutvalet.

023/14 Godkjenning og sakliste	28.11.14		05.02.14 Vedtak i KU: Innkalling og sakliste vart godkjent
024/14 Skriv og meldingar	28.11.14		05.02.14 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vart teke til vitande.
025/14 Orientering frå revisor – Finansiell revisjon.	28.11.14		05.02.14 Vedtak i KU: Orientering frå revisor vart teken til vitande.
026/14 Oppfølgingsliste 4-2013	28.11.14		05.02.14 Vedtak i KU: Kontrollutvalet skriv brev til rådmannen og ber om skriftleg orientering om arbeidet med økonomireglementet i Gloppen kommune. Rådmannen vert kalla inn til neste møte. Oppfølgingsliste 4-2013 vert elles teke til vitande.
027/14 Eventuelt	28.11.14		05.02.14 Vedtak i KU: Det var ikkje saker til handsaming.
Oppdatert 30.01.2014			
			-

08/14 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.02.2014	08/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte kan gjerast her.